



<b>MØTEREFERAT</b>		<b>PROSJEKT:</b> Kommuneplan for Radøy 2011-2023	
TYPE MØTE Styringsgruppa	MØTESTAD Rådhuset	DATO 25.august 2011	TIDSPUNKT K1 09.45
MØTELEDER Jon Askeland	REFERENT Kjersti Flatråker	PROSJ.NR 140	MØTE NR
<b>DELTAKARAR</b> Jon Askeland, Ragnar Floen, John Bauge, Monika Gabrielli, Lena Bø Nilsen, Grethe Lunde og Bjørg Taule Murberg. Frå administrasjonen: Christian Fotland, Leif Taule og Kjersti Flatråker.			
NR	SAK		
1.	<b>Orientering etter møte og synfaring med Fylkesmannen</b> Møte 18. august 2011 gjekk fint. Fylkesmannen trekkjer motsegn om strandsone og føresegn med storleik på hytte om kommunen gjer endring slik dei har skissert. I Syltneset må byggeområde skrankast inn. Fylkesmannen vil ikkje ha bygging på teigen i vest. Må syne byggjegrænse mot sjø. På Mangersnes vart det synfaring 24. august 2011 med Lars Sponheim og Berit Karin Rystad (seksjonsleiar Kommunal- og samfunnsplanavdelinga). Fylkesmannen vil trekkje motsegna mot området om kommunen tek ut eit lite areal heilt i søraust. Dette for å følgje terrenget betre. Fylkesmannen meiner det må setjast krav om at vegen vert rusta opp før ein kan busette nye folk her. Fylkesmannen oppfordra kommunen til å revidere kommunedelplan for Manger.		
2.	<b>Vidare arbeid med kommuneplanen</b> Rådmannen ynskjer kommuneplanen opp i kommunestyremøte i september og bad om å få flytte møtet i frå 22. til 29. september. Det betyr at det må gjerast vedtak i saka i styringsgruppa 12. eller 13. september. Innan den tid skal administrasjonen oppgradere kart og alle dokumenta til planen.  Styringsgruppa var samde i at kommuneplanen skal opp i kommunestyremøte 29. september 2011.		